



FORSVARSBYGG



ÅRSRAPPORT

2021



Innhold

1

RAPPORT FRÅ LEIAREN

4

2

INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG TAL

8

Dei store tala

10

Forsvarsbygg sitt samfunnsoppdrag

12

Organisasjon og leiing

12

Samarbeid med andre

13

Måla våre

13

Nøkkeltal

13

Organisasjonen

14

Vår plass i forsvarssektoren

15

3

ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

16

Samla vurdering

18

Forsvarsbygg sitt målbilete

19

Mål R1

20

Mål R2

20

Mål R3

22

Mål R4

23

Rapport for ressursbruk

25

Bemanningssituasjonen vår

26

Totalte driftskostnader

27

4

STYRING OG KONTROLL

28

| | |
|--|----|
| innleiring | 30 |
| Overordna vurdering av styring og kontroll | 30 |
| Mål- og resultatstyring | 30 |
| Risikostyring og intern kontroll | 30 |
| Riksrevisjonen | 31 |
| Kultur og integritetsbygging | 31 |
| Porteføljestyring | 31 |
| Digitalisering | 31 |
| Tryggleik og beredskap | 32 |
| Personvern og informasjonstryggleik | 32 |
| Inkludering i arbeidslivet | 32 |
| Innsats mot arbeidslivskriminalitet | 32 |

5

FRAMTIDSUTSIKTER

34

| | |
|--------|----|
| Mål R1 | 36 |
| Mål R2 | 36 |
| Mål R3 | 37 |
| Mål R4 | 37 |

6

ÅRSREKNESKAP

38


| | |
|---|----|
| Leiingskommentar til årsrekneskapen for 2021 | 40 |
| Prinsippnote til årsrekneskapen | 41 |

VI BYGGJER FORSVARSEVNE KVAR DAG



KAPITTEL 1

Rapport frå leiaren



Vi har sytt for gode leveransar til Forsvaret, og bidrige til berekraftige og kosteffektive leveransar som stør opp om behova forsvarssektoren har.

Rapport frå leiaren



Gode resultat i samhandling med Forsvaret

Forsvarsbygg har i 2021 levert effektive og operative eigedomar, bygg og anlegg til Forsvaret i tråd med Forsvaret og forsvarssektoren sine behov og rammene som er stilte til rådvelde. Trass i strenge restriksjonar på grunn av koronapandemien, har vi gjennomført tilnærma 100 prosent av produksjonsvolumet i investeringsverksemda. Vi har også lykkast med å drive planmessig og effektivt vedlikehald av forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg innanfor den økonomiske ramma. Gjennom dette har Forsvarsbygg styrkt evna til forsvar og viljen til beredskap og bygd forsvarsevne kvar dag.

Eigedom, bygg og anlegg for god beredskap og auka operativ evne

Eigedom, bygg og anlegg er premissar for forsvaret av Noreg i fred, krise og krig. I 2021 har vi vidareutvikla evna vår til å drifta eigedom, bygg og anlegg som er kravd for å stø opp om nasjonal og alliert trening og øving i Noreg. Erfaringane frå øvinga Polaris Gram har vi teke med oss i førebuingane til Cold Response 2022.

I 2021 gjennomførte vi byggjeprosjekt for om lag fire milliardar kroner, til avtalt kvalitet og innanfor dei gjevne rammene. Vi overleverte 26 byggjeprosjekt til Forsvaret, og vi er på veg til å realisere ambisjonen i langtidsplanen for investeringar i eigedom, bygg og anlegg.

Utvikling og verdibevaring av eigedomsporføljen

Med nesten 13 000 bygg og anlegg spreidde over heile landet, forvaltar vi Noregs største offentlege eigedomsporfølje. I 2021 har vi gjennomført 800 ordinære vedlikehaldstiltak, eit tal som er langt høgare enn fjaråret. Det er likevel ei utfordring å halde oppe tilstandsgraden på forsvarssektoren sin samla bygningsmasse. Forsvaret sin framtidige basestruktur, og tiltak som har mykje å seie for den samla operative evna og beredskapen i sektoren, har prioritert

når vi planlegg ressursinnsatsen. Forsvarsbygg vil utgreie kva for tilstandsgradar som bør stillast for dei ulike kategoriane for eigedom, bygg og anlegg, som grunnlag for Forsvarsdepartementet si fastsetjing av framtidig ambisjonsnivå for tilstandsgradar.

I 2021 selde vi forsvarseigedomar for 214 millionar kroner, som Forsvaret ikkje lenger har behov for. Salsinntekten består primært av sal av Perminalen i Tromsø og bustader. Forsvarssektoren har framleis behov for å avhende mykje eigedom, bygg og anlegg dei neste åra for å bidra til å finansiere forsvarsstrukturen i langtidspersonen. Dette vil også redusere eigedomsporføljen, slik at vi får ei betre utnytting av midlane til verdibevaring.

Forsvarsbygg har ansvaret for dei kulturhistoriske eigedomane, festningane og fortene. Nokre av desse er berre delvis i operativ bruk, men bidreg mykje til den historiske forståinga av samfunnsbetydninga av eit godt forsvar. Vi har fått i oppdrag å leie ei utgreiing for framtidig forvaltning av dei kulturhistoriske eigedomane forsvarssektoren har. Arbeidsgruppa består av representantar frå Kultur- og likestillingsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Statsbygg og Riksantikvaren. Utgreiinga skal gje regjeringa eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere alternative løysingar til dagens forvaltning av dei kulturhistoriske eiigedomane forsvarssektoren har.

Festningane hadde i 2021 2,6 millionar besøkjande. Sjølv om besøkstalet er lågt samanlikna med det vi kan kalle eit normalår, reknar vi det som godt med tanke på reiserestriksjonar og avlyste arrangement på grunn av koronapandemien.

Ein berekraftig forsvarssektor

Som den største offentlege eigedomsaktøren i Noreg har vi eit ansvar for å redusere klimaavtrykket i forsvarssektoren. Realiseringa av Forsvarsbygg sin miljøstrategi er ein viktig del av forsvarssektoren sitt





bidrag til at Noreg skal nå ei rekke av FN sine berekraftsmål. I 2021 har vi gjennomført omfattande overvaking av miljøstatus for vatn, naturmiljø og støyutslepp frå skytefelt, flystasjonane og leirane våre. Framover vil vi jobbe med å vidareutvikle ein berekraftig og ressurseffektiv eigedoms-portefølje, og styrke arbeidet med berekraftige anskaffingar, for å redusere den samla klima- og miljøpåverknaden frå forsvarssektoren.

Med ei så kompleks verksemد som Forsvarsbygg driv, vil det kunne oppstå avvik. Vi har eit godt system for avvikshandtering, rettar opp i feil som er gjort og jobbar metodisk for at organisasjonen lærer av erfaringa. I året som har gått, har Forsvarsbygg handtert to større slike saker: Hogst av skog i eit kulturminneområde på Trandum og byggjeaktivitet for nært inntil og over grensa til eit verneområde på Evenes. Vi bruker erfaringane for å vidareutvikle Forsvarsbygg som organisasjon.

Med samfunnsoppdraget vårt følgjer også eit særskilt ansvar for å bidra til seriøsitet i arbeidslivet og førebygging og avdekking av arbeidslivskriminalitet. I 2021 har vi vorte støttemedlem i Fair Play Bygg, ein ideell organisasjon som jobbar for ein seriøs bygg- og anleggsbransje.

Vi bidreg til ein meir moderne og effektiv forsvarssektor

Forsvarssektoren skal modernisere og effektivisere med 2,3 milliardar kroner årleg frå 2024. Vi har sett oss høge ambisjonar for verksemdsutvikling, modernisering og effektivisering av eiga verksemd for å bidra til at forsvarssektoren når målet. Forsvarsbygg nådde effektiviseringskravet i 2021. Innføring av kategoristyring av anskaffingane våre vil vere sentralt i det vidare arbeidet, samtidig som vi står resten av forsvarssektoren ved å stille viktige ressursar til disposisjon.

I Hurdalsplattforma har regjeringa slått fast at reinhaldstenester skal tilbakeførast til forsvarssektoren. Forsvarsdepartementet har gjeve Forsvarsbygg oppgåva med å konkretisere korleis ei tilbakeføring av reinhaldstenester skal gjerast. Vi ser fram til saman å finne løysingar som gjev forsvarssektoren gode og effektive reinhaldstenester.

Heilskapleg styring

Forsvarsbygg har levert eit godt økonomisk resultat innanfor rammene av forsvarleg forvaltning og krava sektoren har til haldningar, etikk og leiing. Internrevsjonen har vurdert at den overordna modnaden i Forsvarsbygg på styring og kontroll er formalisert, med element av etterleving. Denne vurderinga er uendra frå 2020, men det blir peika på at Forsvarsbygg har gjort ei rekke vesentlege forbetringar i 2021, særskilt innanfor risikostyring og internkontroll. Riksrevisjonen hadde ingen merknader til rekneskapen til Forsvarsbygg i 2020.

Vi har i 2021 vist at eigedom, bygg og anlegg er premissar for utviklinga av ønskt forsvarsstruktur, og at Forsvarsbygg er ein effektiv og viktig beredskapsorganisasjon for Forsvaret. Slik byggjer vi forsvarsevne og vilje til beredskap kvar dag.





SVEIN THORBJØRN THORESEN
DIREKTØR FORSVARSBYGG



KAPITTEL 2

Introduksjon til verksemda og tal




Forsvarsbygg er eit statleg forvaltningsorgan underlagd Forsvarsdepartementet. Vi utviklar, byggjer, driftar og avhendar eigedom for forsvarssektoren.

DEI STORE TALA 2021



10,7

Totale kostnader var
10,7 milliardar kroner




1 446

tilsette fordele
på 1 395 årsverk



12 830

Talet på bygg og
anlegg vi forvaltar




281

Aktive investerings-
prosjekt i ulike fasar



214

Forsvarsbygg selde forsvarseigedom
for 214 millionar kroner i 2021




8 000

brukarar i
BASEN




Vi avhenda 22 600
kvadratmeter. Totalt har
Forsvarsbygg avhenda
3,1 millionar kvadratmeter
siden 2001



2,6

2,6 millionar menneske
besøkte festningane

Forsvarsbygg forvaltar ein bygningsmasse på 4 150 008 kvadratmeter



Fordeling av eigedomsmassen

| | | |
|---|---------------------------------|--------|
| ● | Administrasjon- og stabsanlegg | 14,1 % |
| ● | Velferds- og fritidsanlegg | 3,0 % |
| ● | Forlegningar og messer | 18,7 % |
| ● | Bustader | 6,2 % |
| ● | Lager- og vedlikehaldsanlegg | 29,2 % |
| ● | Basisanlegg | 1,2 % |
| ● | Utdannings- og øvingsanlegg | 6,0 % |
| ● | Strids- og forsvarsanlegg | 18,2 % |
| ● | Andre eigedomar, bygg og anlegg | 3,3 % |

Forsvarsbygg sitt samfunnsoppdrag

Eit operativt og moderne forsvar er avhengig av tilgang til tidsriktige og funksjonelle eigedomar, bygg og anlegg. Dette er oppgåva til Forsvarsbygg. Vi bidreg til operativ kampkraft i forsvarssektoren ved at Forsvaret og andre etatar i forsvarssektoren har eide dom, bygg og anlegg som er løpande tilpassa behova deira. Forsvarsbygg er tett integrert med andre etatar i forsvarssektoren. Vi trenar og øver med Forsvaret, slik at vi har beredskap for å levere funksjonelle eigedomar, bygg og anlegg også i krise og krig.

Vi planlegg, byggjer, forvaltar og driftar

Forsvarsbygg varetek forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg gjennom heile levetida for anlegget. Vi syter for alle oppgåver knytte til investeringsprosessen og til utvikling og bygging av ny eide dom, bygg og anlegg. Vi er ansvarleg for forvaltning, drift og vedlikehald, og vi avhendar eide dom sektoren ikkje lenger har behov for. Avhendinga omfattar alt frå sal til miljøopprydding og tilrettelegging for sivil bruk. Dette tilfører midlar til forsvarsbudsjettet og fritek forsvarssektoren for framtidig drifts- og oppryddingsansvar.

Vi vernar og sikrar bygg og anlegg

Forsvarsbygg ved Nasjonalt kompetansesenter for sikring av bygg (NKS) er rådgjevaren forsvarssektoren og staten bruker for vern og sikring av eide dom, bygg og anlegg mot eksplosjonsulykker, terrorhandlingar, spionasje, sabotasje og annan kriminalitet. NKS er det leiande miljøet i landet for å utvikle kunnskap og løysingar som bidreg til eit tryggare Noreg.

Vi tek vare på kulturminne og skaper nytt liv på historisk grunn

Forsvarsanlegg, festningar og fort har gjennom heile vår historie vore sentrale i forsvaret av landet og for utviklinga av lokalsamfunna dei var sette til å verne. Det er viktig for samfunnet å ta vare på denne historia og gjere henne tilgjengeleg for nye generasjonar. Den kulturminneglede rådgjevinga Forsvarsbygg har, bidreg til løysingar for å vareta kulturminneinteresser og sameine verneomsyn med optimal bruksfunksjon. Vi forvaltar og utviklar dei nasjonale festningane, og syter for at dei er tilgjengelege for publikum heile året.

Vi tek vare på miljøet

Forsvarsbygg har ansvar for å handtere miljøutfordringane i forsvarssektoren. Vi har den fremste kompetansen i landet på miljøutfordringar innanfor forureining og støy frå militær aktivitet og øvingar. Stadig meir spesialiserte krav for forsvarssektoren blir varetekne og oppfylte.

Nøkternt kostnadsnivå

Forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg skal vere operativ og funksjonell, og samtidig nøktern. Forsvarsbygg vel kostnadseffektive løysingar både innanfor investeringar i ny og drift av eksisterande eide domsmasse for å halde kostnadene på eit nøkternt nivå, slik at ressursar kan frigjerast til å styrke kjernevirksemda Forsvaret driv.

Det er Forsvarsdepartementet som eig eide domane i forsvarssektoren. Forsvarsdepartementet vedtek investeringar og korleis eide dom, bygg og anlegg skal nyttast og utviklast. Forsvarsbygg har ansvaret for å utvikle, byggje, vedlikehalde og drifte eide dom, bygg og anlegg som forsvarssektoren betaler leige for. Forsvaret er leigetakar og brukar, og prioriterer og stiller krav ut frå behova sine. Driftskostnadene blir finansierte gjennom forsvarssektoren sin husleigebaserte forvaltnings-modell, som er vedteken av Stortinget. Dette synleggjer kostnadene for eide dom, bygg og anlegg. Visjonen vår er å byggje forsvarsevne kvar dag.

Organisasjon og leiing

Forsvarsbygg er i dag den største offentlege eide domsaktøren i Noreg. Vi varetek behova til Forsvaret gjennom planmessig vedlikehald og fornying av den totale eide domsporteføljen med 12 830 bygg og anlegg, på totalt 4 150 008 kvadratmeter bygningsmasse, fordelt over heile landet. Dei totale kostnadene for 2021 var på 10,7 milliardar kroner. Sidan 2001 har vi avhenda 3,1 millionar kvadratmeter ikkje føremålstenleg eide dom. Sal av eide dom har gjort at forsvarssektoren har fått tilbakeført 5,6 milliardar kroner netto til å styrke den operative evna til Forsvaret. Vi har 1446 tilsette fordelte på 1395 årsverk. Vi er til stades der Forsvaret er, i 289 av dei 356 kommunane i landet. Hovudkontoret vårt er i Oslo.

Byggje- og rehabiliteringsprosjekta våre spenner breitt frå bustader, forlegningar og kontorbygg til vedlikehaldsfasilitetar for nye ubåtar og ny kampflybase med støttefunksjonar og infrastruktur. Framskoten base for

kampfly er etablert på Evenes, og på Værnes byggjer vi nytt forsyningsbygg til Forsvarets logistikkorganisasjon. I 2021 hadde vi om lag 280 større og mindre investeringsprosjekt i ulike fasar over heile landet. Vi investerer for om lag 3,5 milliardar kroner årleg.

Samarbeid med andre

Forsvarsbygg sine aktivitetar har ringverknader for innbyggjarar i heile Noreg, både i og utanfor Forsvaret. Vi har ei leiande rolle i byggje- og eigedombsransjen i Noreg, og tek denne rolla på alvor gjennom høg kvalitet i anskaffingsprosessar og godt samarbeid med alle leverandørar. Vi har eit tett samarbeid med dei mange lokalsamfunna vi er til stades i, og legg til rette for tillit og god interaksjon mellom forsvarssektoren og lokalsamfunnet.

NØKKEL-TAL 2021

Indeksregulerte kroneverdiar for tidlegare år

| År | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 |
|---|-------|-------|-------|-------|
| Talet på årsverk | 1 395 | 1 415 | 1 330 | 1 266 |
| Samla tildeling post 01–99 (mill. kroner) | 9 579 | 8 776 | 8 160 | 8 010 |
| Utnyttingsgrad post 01–29 | 92 % | 95 % | 112 % | 106 % |
| Sum driftskostnader (mill. kroner) | 6 700 | 6 230 | 6 619 | 6 802 |
| Andelen investeringar | 40 % | 46 % | 41 % | 44 % |
| Lønsdel av driftskostnader | 15 % | 15 % | 14 % | 13 % |
| Lønskostnader per årsverk (heile tusen) | 712 | 676 | 710 | 688 |
| <hr/> | | | | |
| Seld forsvarseigedom for (mill. kroner) | 214 | 231 | 330 | 725 |
| Investeringsaktivitet i eigne bygg og anlegg (mill. kroner) | 3 926 | 3 668 | 2 976 | 2 825 |
| Driftsresultat overført til Forsvarsdepartementet | -451 | -432 | -247 | -229 |

Måla våre

Forsvarsbygg sine effektmål er *Berekraftige og kosteffektive leveransar som står opp om forsvarssektoren sine behov*. For å nå dette har vi fire resultatmål:

| | |
|-----------|---|
| R1 | Eit beredskapsklart Forsvarsbygg |
| R2 | Framskaffing av berekraftig eigedom, bygg og anlegg |
| R3 | Målretta og god forvaltning av eigedomar, bygg og anlegg i sektoren |
| R4 | Profesjonell og heilskapleg rådgjeving |

Dei seks interne måla våre blir varetekne av etatssjef og blir ikkje rapporterte til Forsvarsdepartementet.

- Effektive prosessar og brukarorienterte løysingar
- Tryggleik og innovasjon i samhandling
- Strategisk styring av eigedomsporføljen gjennom integrerte planprosessar
- Motiverte og engasjerte medarbeidarar som skaper gode resultat
- Heilskapleg styring og kontroll
- Framtidsretta bruk av teknologi

| År | 2021 | 2020 | 2019 | 2018 |
|---|-------|-------|-------|-------|
| Talet på årsverk | 1 395 | 1 415 | 1 330 | 1 266 |
| Samla tildeling post 01–99 (mill. kroner) | 9 579 | 8 776 | 8 160 | 8 010 |
| Utnyttingsgrad post 01–29 | 92 % | 95 % | 112 % | 106 % |
| Sum driftskostnader (mill. kroner) | 6 700 | 6 230 | 6 619 | 6 802 |
| Andelen investeringar | 40 % | 46 % | 41 % | 44 % |
| Lønsdel av driftskostnader | 15 % | 15 % | 14 % | 13 % |
| Lønskostnader per årsverk (heile tusen) | 712 | 676 | 710 | 688 |
| <hr/> | | | | |
| Seld forsvarseigedom for (mill. kroner) | 214 | 231 | 330 | 725 |
| Investeringsaktivitet i eigne bygg og anlegg (mill. kroner) | 3 926 | 3 668 | 2 976 | 2 825 |
| Driftsresultat overført til Forsvarsdepartementet | -451 | -432 | -247 | -229 |

Organisasjonen per 31.12.2021



DIREKTØR FORSVARSBYGG

SVEIN THORBJØRN THORESEN



**ASSISTERANDE
DIREKTØR**
CAMILLA MATHIESEN



avdelingsdirektør
KOMMUNIKASJON
FRODE VIK JENSEN



avdelingsdirektør
PROSJEKT OG UTVIKLING
VIGDIS KAMPENES




avdelingsdirektør
EIGEDOMSFORVALTNING
JAN ERIK JOHANSEN



avdelingsdirektør
RESSURSSENTER
LINN RÅLIEN WESTERSØ



avdelingsdirektør
ANSKAFFINGAR
MARIT KRISTIANSEN



Vår plass i forsvarssektoren



Forsvaret er Forsvarsdepartementet sin største underliggende etat med ansvar for styrkeproduksjon og dei ulike våpengreinene.

Forsvarets forskningsinstitutt (FFI) har til føremål å drive forskning og utvikling for Forsvaret sine behov. FFI skal vere den politiske og militære leiinga i Forsvaret sin rådgjevar i faglege spørsmål innanfor instituttet sitt arbeidsområde.


Forsvarsmateriell stør Forsvarsdepartementet og Forsvaret i planlegginga av framtidige nyanskaffingar av våpensystem og materiell.

Kjelde: Regjeringen.no



KAPITTEL 3

Årets aktivitetar og resultat



Forsvarsbygg har utnytta ressursane på ein god måte. Vi har i 2021 nådd effektiviseringskravet og har i all hovudsak levert eigedom, bygg og anlegg i tråd med langtidsplanen for Forsvaret 2021–2024. Porteføljen blir framleis ikkje vurdert å vere berekraftig.

Samla vurdering 2021

Vi har god måloppnåing på to av fire mål, og vurderer samla resultat til godt.

Ressursbruk

Dei totale kostnadene for 2021 var på 10,66 milliardar. Av dette er 6,70 milliardar driftskostnader og 3,96 milliardar investeringar i eigedom, bygg og anlegg. Vi har brukt midlane målretta på eigedom, bygg og anlegg gjennom berekraftige og kosteffektive leveransar som står opp om behova i forsvarssektoren. Koronapandemien har i liten grad påverka resultatoppnåinga for 2021. Driftskostnadene var på 6,70 milliardar. Det er ein auke med 0,56 milliardar kroner frå 2020. Vare- og tenestekjøp utgjer 71,8 prosent av dei totale kostnadene i 2021, inkludert gjennomførte investeringar i eigedom, bygg og anlegg. Dette er ein auke på 1,7 prosentpoeng samanlikna med 2020. Andelen samla lønskostnader utgjer 12,2 prosent. Dette er ein reduksjon på 0,9 prosentpoeng. Avskrivningar på varige driftsmiddel utgjer 12,5 prosent, noko som er ein reduksjon på 0,7 prosentpoeng i forhold til fjoråret. Andre driftskostnader utgjer 3,5 prosent av totalkostnaden, ein nedgang på 0,2 prosentpoeng.

Rekneskapen

Kontantrekneskapen for 2021 viser 451 millionar kroner høgare driftsutgifter enn driftsinntekter. Dette er 315 millionar kroner mindre enn tillaten meirutgift på 767 millionar kroner, og årsresultatet på drift er dermed akseptabelt. For 2021 har Forsvarsbygg levert i tråd med målkravet til vinstrealisering.

Miljø

Som den største offentlege eigedomsaktøren i Noreg har vi eit ansvar for å redusere klimaavtrykket til forsvarssektoren. I løpet av året har vi teke i bruk klimagassberekingar i konseptfasen av byggjeprosjekta for å gje eit betre avgjerdsgrunnlag for oppdragsgjevarane våre. Forsvarsbygg har bidrige til at forsvarssektoren har fått ei meir berekraftig forvaltning av eigdomsmassen ved å i all hovudsak ha fasa ut fossilt brensel til oppvarming. Anskaffingane våre skal aktivt stø opp om den gjeldande miljøstrategien for Forsvarsbygg.

Effekt for forsvarssektoren og samfunnet

I 2021 overleverte Forsvarsbygg 26 byggjeprosjekt til Forsvaret. Det vart avslutta 57 prosjekt i 2021, til ein samla sluttkostnad på 1,8 milliardar kroner.

Vi deltok i øvinga Polaris Gram, der vi fekk trena evna vår til leiing av operasjonar og samvirke med sektoren. Erfaringane herifrå er brukte i førebuingane til Cold Respons 2022. Nokre av dei viktigaste prosjekta våre i 2021 var nye mannskaps- og befalsforlegninga på Evenes, og bygg og anlegg til Quick Reaction Alert for nye kampfly på Evenes. Værnes har fått eit nytt anlegg for forsyning av drivstoff, og på Ørland har vi overlevert eit nytt forsyningsbygg til Forsvaret. Vi har også inn-gått store entreprisekontraktar for byggjeprosjektet til nye overvakingsfly på Evenes og i delar av prosjektporleføljen på Porsangermoen for Finnmark landforsvar. Vi har utført vedlikehald på bygningsmassen og prioritert eigedom, bygg og anlegg som blir vidareført i den framtidige basestrukturen til Forsvaret.

Vi bidreg til å skape nytt liv på historisk grunn ved å legge til rette for aktivitet på dei nasjonale festningsverka. Festningane vart i 2021 besøkt av 2,6 millionar personar. Dette er ein liten auke frå 2020, og viser at vi trass i koronapandemien klarer å skape interesse for dei nasjonale festningsverka våre.

Vi avhendar eigedom som Forsvaret ikkje lenger skal bruke. Gjennom sal og miljøsanering bidreg vi til at tidlegare militære eigedomar blir tilgjengelege for ny sivil bruk. Etter at kostnader til riving, sikring og miljøsanering er trekte frå, leverte vi om lag 214 millionar kroner tilbake til forsvarsbudsjettet til bruk for høgare prioriterte føremål i forsvarssektoren. Avhending av eigedom bidreg også til å redusere dei samla driftskostnadene til eigedom, bygg og anlegg som forsvarssektoren har. At vi er til stades over store delar av landet, gjer oss til ein viktig bidragsytar for både lokal og nasjonal sysselsetjing. Forsvarsbygg har i fleire år samarbeidd med Skatteetaten om forsterka innsats mot arbeidsmarknadskriminalitet.

I 2021 vart det gjennomført ikkje-varsle kontrollar på tre lokasjoner som avdekte konkrete avvik og forbettingsområde som blir følgde opp av Forsvarsbygg. Forsvarsbygg har også drive inn om lag 6,4 millionar kroner gjennom å hindre tilgang til byggjeplass før dokumentasjon på innbetalte skatte- og avgiftsrestansar ligg føre.

Dei digitale prioriteringane, som vart fastsette i verksamheds- og digitaliseringsstrategien for 2020, er i løpet av 2021 vidareutvikla og innlemma i den strategiske planen til Forsvarsbygg. Digitalisering er grunnsteinen for effektiv drift, og fører til at vi kan nå målkrava for vinstrealiseringa.

Forsvarsbygg sitt målbilete

VURDERINGSKRITERIUM

- God
- Akseptabelt
- Ikkje akseptabelt
- Tryggingsgradert

R1

EIT BEREDSKAPSKLART
FORSVARSBYGG

R2

FRAMSKAFFING AV
BEREKRAFTIG EBA

R3

MÅLRETTA OG GOD
FORVALTNING AV EBA
I FORSVARSEKTOREN

R4

PROFESJONELL OG
HEILSKAPLEG RÅDGJEVING

R1

EIT BEREDSKAPSKLART FOR-SVARSBYGG

Forsvarsbygg skal stø opp om Forsvaret si operative evne og beredskap i tråd med dei krava som til kvar tid blir stilte gjennom instruksar og retningslinjer for sektoren innanfor området. I Forsvarsbygg skal støtta frå etaten til den operative evna og beredskapen til Forsvaret inngå som ein integrert del av verksemderstyringa i Forsvarsbygg. Forsvarsbygg skal ha oppdaterte beredskapsplanar og gjennomføre relevante beredskapsførebuingar med grunnlag i definerte oppgåver, slik at etaten har ein fullt ut tilfredsstillande beredskap i samsvar med definisjonen av beredskapsklar gjeven att over. Forsvarsbygg skal delta i utvalde beredskapsøvingar etter føringar frå forsvarsjefen. Det skal gjevast prioritet til aktivitet som stør nasjonal og alliert operativ planlegging. Dessutan skal oppdrag innanfor tryggleik, med vekt på vern og sikring av eigedom, bygg og anlegg i forsvarssektoren og til støtte for sivile styresmakter gjevast prioritet. Forsvarsbygg skal på oppdrag stø Forsvaret og andre etatar i arbeidet med å lage ei heilskapleg oversikt over status for vernetiltak, og implementere og/eller bidra til å implementere tiltak for dei skermingsverdige objekta deira.

Samla vurdering av måloppnåing

Delar av rapporteringa på dette målet er tryggleiksgradert. Det er derfor berre eit ugradert utdrag som blir presentert i årsrapporten.

MÅLOPPNÅINGA ER TRYGGLEIKSGRADERT

I 2021 har Forsvarsbygg ytterlegare forsterka beredskapsorganisasjonen sin. Vi har tileigna oss auka kompetanse innan Forsvaret sitt planverk og prosesser, og har gjennomført ein avdelingsovergripande planprosess og utvikla eit operativt planverk for Forsvarsbygg.

Store delar av 2021 har gått med til førebuingar til

Cold Response 2022 og har gjennom dette forsterka vårt samvirke med Forsvaret. Øving Polaris Gram 2021 har gjeve Forsvarsbygg gode innspel til vidareutvikling av evna vår til leiing av operasjonar og samvirke med forsvarssektoren. Vi vil vidareutvikle det tette samarbeidet med forsvarssektoren i 2022.

Resultatkrav

Forsvarsbygg skal gjere nødvendige førebuingar og prioriteringar for å bli beredskapsklar i samsvar med gjevne krav og klartider.

Styringsparametrane i rapporteringsperioden har vore: Operativt planverk som er spegl i handlingsplanar i avdelingane, oppdaterte og signerte leveranseavtalar med kvar driftseining i Forsvaret og kompetent og beredskapsklar organisasjon.

AMBISJON 2021

Føremålet med styringsparametrane er å kvalitativt måle evna vår til å bidra til forsvarssektoren si operative evne og beredskap.

RESULTAT 2021

Målloppnåinga blir ikkje rapportert i årsrapporten då informasjonen er rekna for å vere skermingsverdig.



R2

FRAMSKAFFING AV BEREKRAFTIG EBA

Forsvarsbygg framskaffar berekraftige kapasitetar innanfor eigedom, bygg og anlegg til Forsvaret i samsvar med vedteken struktur i samsvar med tildelingsbrevet til Forsvaret. Framskaffingar og fornying av eigedom, bygg og anlegg skal skje kostnadseffektivt, tidsriktig og til avtalt kvalitet. Forsvarsbygg skal vere ein god rådgjevar for forsvarssektoren i val av løysingar for eigedom, bygg og anlegg, basert på funksjonskrav og analyserer alternative løysingar. Desse

blir lagde fram for brukar med forslag til avgjerd. Måloppnåinga baserer seg på ei heilskapleg vurdering av Forsvarsbygg si evne til planlegging, rådgjeving og gjennomføring av vedtekne investeringsprosjekt, og Forsvarsbygg si disponering av årlege kontantrammer innanfor investering i eigedom, bygg og anlegg for å sikre forventa effekt i samsvar med investeringsplanen.

Samla vurdering av måloppnåing

VI LEVERER GODT PÅ MÅLET I 2021

Forsvarsbygg sine prosjektleveransar i 2021 har i hovudsak vore i tråd med vedteken strukturutvikling for investeringsporteføljen i langtidsplanen for forsvarssektoren. Kontantramma for investering er nådd, og Forsvarsbygg har vore ein aktiv rådgjevar for Forsvarsdepartementet og Forsvarsstaben i planlegginga og styringa av investeringsporteføljen.

I 2021 overleverte Forsvarsbygg 26 byggjeprosjekt til Forsvaret. Vi overleverte nye mannskaps- og befalsforlegningar på Evenes, og ferdigstilte bygg og anlegg til Quick Reaction Alert for nye kampfly på Evenes. Værnes har fått eit nytt anlegg for forsyning av drivstoff, og på Ørland har vi overlevert eit nytt forsyningsbygg til Forsvaret. Vi har også inngått store entreprisekontraktar for byggjeprosjektet til nye overvakingsfly på Evenes og i delar av prosjektporleføljen på Porsangermoen for Finnmark landforsvar. Sju av dei totalt 26 prosjekta vi overleverte var forseinka, og har ført til behov for kompensatoriske tiltak. I tre av prosjekta fekk forseinkingane mindre konsekvensar for Forsvaret, trass i kompensatoriske tiltak. Det vart avslutta 57 prosjekt i 2021, til ein samla sluttkostnad på 1,8 milliardar kroner. Sett over dei siste tre åra frå og med 2019, utgjer likevel totalt terminerte prosjekt 99 prosent av opphavleg styringsramme. Dette vil seie at prosjekta over tid er leverte innanfor føresetnadene som er lagde til grunn i investeringsplanen og at det over tid ikkje har vore kostnadsoverskridinger for porteføljen som heilskap. For forsvarssektoren er effekten av dette at ambisjons-nivået i planverket for investeringar i eigedom, bygg og anlegg kan haldast ved lag.

Forsvarsbygg ferdigstilte 28 avgjerdssunderlag i 2021, inkludert fire konseptvalutgreiingar, og fekk 31 gjennomføringsoppdrag til eit samla kostnadsestimat på 2 milliardar kroner.

Vi leverte konsekvensutgreiingar for magasin for Forsvaret sine museum, oppgradering til LED-belysning, garasjering for 3. bataljon på Skjold og utflytting frå Kjeller. I dei to sistnemnde leverte Forsvarsbygg vurderingar av klimaavtrykket ved ulike alternativ.

Resultatkrov

| Styringsparameter R2.1

Byggjeprosjekt levert til avtalt tid

Føremålet med styringsparametrar er at brukarane kan ta i bruk eigedom, bygg og anlegg i samsvar med gjeldande oppdrag.

AMBISJON 2021

90 prosent av prosjekta skal overleverast til brukar i samsvar med avtalt dato i gjennomføringsoppdraget.

RESULTAT 2021

Måloppnåinga er ikkje akseptabel.

Styringsparameter R2.1

2021

Byggjeprosjekt levert til avtalt tid.

73 %

| Styringsparameter R2.2

Overlevering av prosjekt innanfor godkjend styringsramme

Føremålet med styringsparametrar er å måle avvik frå opphavleg styringsramme, målt frå gjennomføringsoppdrag, for total portefølje.

AMBISJON 2021

Prosjekta blir avslutta innanfor 100 prosent av samla styringsramme.

RESULTAT 2021

Måloppnåinga er akseptabel.

Styringsparameter R2.2

2021

Overlevering av prosjekt innanfor godkjend styringsramme.

102 %



R3

MÅLRETTA OG GOD FORVALTNING AV EBA I FORSVARSSEKTOREN

Føremålet med målet er at all ressursbruk skal resultere i funksjonell eideidom, bygg og anlegg tilpassa brukarane sine behov innanfor best mogleg totaløkonomi, at utrangeringspotensiale blir synleggjort og at utrangert eideidom, bygg og anlegg blir avhenda (inkludert riving og miljøopprydding). Vidare skal planar og tiltak imøtekome dagens behov, samtidig som framtidige økonomiske, teknologiske og miljømessige behov blir dekte på ein forvarleg måte, og ein tek vare på verdiane i eideomsporteføljen. Dette inneber varetaking av bruksverdi, økonomisk verdi og verneverdi i samsvar med prioriteringsskriterium avtalt med Forsvaret. Forsvarsbygg skal ha oversikt over eideomsporteføljen til sektoren; medrekna behovs- og kapasitetsoversikt, tilstandsgrad og kvalitetssikra fornyingsbehov. Forsvarsbygg skal vere ein proaktiv eideomsrådgjevar som gjev råd, utarbeider planar og gjennomfører tiltak som sikrar målretta, kostnads-effektiv og berekraftig ressursutnytting. I tillegg skal miljø- og samfunnsmessige konsekvensar av verksemda til Forsvaret innanfor området eideidom, bygg og anlegg blir vareteke.

Samla vurdering av måloppnåing

VI LEVERER AKSEPTABELT PÅ MÅLET I 2021

Forsvarsbygg varetek verdiane i eideomsporteføljen for sektoren. Dette vil seie å halde ved lag bruksverdi, økonomisk verdi og verneverdi, med prioritet på bruksverdi for Forsvaret. Det overordna målet for Forsvarsbygg er at all ressursbruk skal resultere i funksjonell eideidom, bygg og anlegg som tilfredsstiller brukarane sine behov innanfor best mogleg totaløkonomi for sektoren.

Forsvarsbygg prioriterer tilgjengelege vedlikehalds-midlar til operativ eideidom, bygg og anlegg. I 2021 har vi gjennomført vedlikehald for 723 millionar kroner. 78,1 prosent av desse midlane er brukt på

planlagt vedlikehald. I tillegg er 79,8 prosent av husleigeinntektena allokerert til drift og vedlikehald. Dette er høgare enn målet på 73 prosent. Forsvarsbygg leverer godt innanfor tildelte rammer ved at ein svært høg andel av husleigeinntekta blir brukt til drift og vedlikehald, i tillegg til at andelen planlagt vedlikehald er akseptabel.

Ålmenn verneplikt

Forsvarsbygg fekk i 2021 14,7 millionar kroner for å leggje til rette for ålmenn verneplikt. Av desse vart 4,7 millionar kroner overført frå 2020 for å fullføre eit av prosjekta frå i fjer på Madla. Tildelinga har i år ytterlegare auka kapasiteten på sanitæranlegg i skyte- og øvingsfelt og auka dusj- og toalettkapasiteten på Terningmoen og Madla. Neste års tiltak er avstemt med Forsvaret og er under planlegging.

Fossilt brensel

Forsvarsbygg har bidrege til at forsvarssektoren har fått ei meir berekraftig forvaltning av eideomsmassen ved å fase ut fossilt brensel til oppvarming. Vi har dispensasjon på Bodø flystasjon ut 2022, og planlegg å vere ferdige med all utfasing av fossilt brensel seinast innan utløpet av dispensasjonsperioden.

Digitalisering

Forsvarsbygg er i gang med å digitalisere forvaltningsprosessane. Dette inneber blant anna å digitalisere eideomsinformasjon slik at vi lettare kan nyttiggjere oss av informasjonen og jobbe mest mogleg effektivt.

Energi

Forsvarsbygg jobbar målretta med å redusere energiforbruket i forsvarssektoren. Dette gjer vi ved å gjere forsvarssektoren medvitenpå eige energiforbruk og gjennom fysiske tiltak på eideidom, bygg og anlegg. Energikostnadene til Forsvaret auka frå 472 til 726 millionar kroner frå 2020 til 2021. Årsaka er først og fremst auka straumprisar i 2021 samanlikna med fjoråret, men energiforbruket til Forsvaret har også auka. Forsvarsbygg samarbeider med Forsvaret for å etablere eit nytt energioppfølgingssystem, som skal gje oss eit betre grunnlag for å overvake energiforbruket og dermed drive ei meir effektiv energileiing.

Festningane

Festningane hadde i 2021 2,6 millionar besøkjande. Det er 100 000 fleire enn i 2020. Sjølv om besøkstalet er lågt samanlikna med eit normalår, reknar vi det

som godt med tanke på reiserestriksjonar og avlyste arrangement på grunn av koronapandemien. Forsvarsbygg har i 2021 utarbeidd ein rapport som tek føre seg potensialet festningane har for auka grad av sjølvfinansiering. Denne er ein del av arbeidet med å greie ut framtidig forvaltning av dei kulturhistoriske eideomane forsvarssektoren har.

Resultatkrav

| Styringsparameter R3.1

Andel husleigeinntekter som blir brukte til drift, vedlikehald, eigarstyrt utvikling og utskifting av komponentar

Styringsparameteren måler kor stor andel av husleigeinntekta som er brukt til drift og vedlikehald av sektoren sine eideomar, bygg og anlegg. Målt første gong i 2019.

AMBISJON 2021

Minimum 73 prosent av dei totale husleigeinntektene skal gå til verdibevaring av porteføljen.

RESULTAT 2021

Måloppnåinga er god.

| Styringsparameter R3.1 | 2021 | 2020 | 2019 |
|--|--------|--------|--------|
| Andel av husleigeinntekter brukt til drift og vedlikehald | 79,8 % | 70,2 % | 72,9 % |



R4

PROFESJONELL OG HEILSKAPLEG RÅDGJEVING

Forsvarsbygg skal vere den EBA-faglege rådgjevaren for sektoren og på vegner av eigar sikre at brukarbehov blir tilfredsstilt innanfor best mogleg totaløkonomi. *Medrekna:*

- Støtte Forsvarsdepartementet, Forsvaret og sektoren elles med EBA-fagleg rådgjeving/utgreiingar i sektoren si langtidsplanlegging og gjennom-

føringsplanlegging, og dessutan sikre god samhandling i sektoren elles knytt til framskaffingar og fornying av EBA.

- Gje eideomsfaglege råd som varetek brukarbehova, og samtidig gjev sektoren best mogleg kostnadseffektivitet og berekraftig ressursutnyting innanfor gjeldande rammevilkår.
- Råd skal vere heilskapleg i eit EBA-perspektiv der ein ser framskaffing, verdibevaring, drift og utrangering/avhending i samanheng. Det er berre ved ei heilskapleg tilnærming det er mogleg å finne gode løysingar som varetek Forsvaret sine behov, som bidreg til å effektivisere eideomsporteføljen og optimalisere framtidig drift. I tillegg skal vi vareta miljø- og samfunnsmessige konsekvensar av Forsvaret si verksemd innanfor EBA-området.
- Gjennom gode heilskaplege råd i analysar, moglegheitsstudiar og heilskaplege planar skal Forsvarsbygg vidareutvikle profesjonaliteten sin i rådgjevinga. I tillegg skal Forsvarsbygg sine rådgjevingsmiljø innan sikring av bygg, førebyggjande tryggleik, eideomsjuridiske område og kulturminne vidareutviklast. Som ein del av utviklinga skal det aktivt søkjast tilbakemelding på brukar si oppleving av denne rådgjevinga

Samla vurdering av måloppnåing

VI LEVERER GODT PÅ MÅLET I 2021

Forsvarsbygg har i 2021 bidrege med rådgjeving inn i forsvarssektoren si langtidsplanlegging, investeringsplanlegging og gjennomføringsplanlegging. Vi har også levert eit stort tal utgreiingar initierte av Forsvarsdepartementet og Forsvaret. Rådgjevinga inngår som ein del av avgjerdsgrunnlaga for oppdragsgjevar for å bidra til kosteffektiv struktur-utvikling med realistiske kostnadsrammer.

Vi har også bidrege med rådgjeving innanfor verdibevaring av eideomsporteføljen i den framtidige strukturen i forsvarssektoren slik at sektoren kan få mest mogleg ut av rammene som er til rådvelde. I tillegg har vi utarbeidd og sendt fram ei rekke prosjektidear for fornying av eksisterande bygg for å bidra til ei mest mogleg nøktern utvikling av eideomsporteføljen. Ved å auke andelen av fornyingsprosjekt er målet å dempe behovet for nyinvesteringar, og dermed oppnå ei meir berekraftig utnytting av ressursane. Forsvarsbygg har også analysert og gjeve råd om tiltak for balansering av investeringsplanen for langtidsperioden.

I 2021 etablerte vi ein metodikk for standardiserte LCA-vurderingar i konseptutgreiingar. Dette gjev oppdragsgjeverar og prosjekteigarar høve til å vurdere klimaavtrykk før val av konsept for framskaffingar av eigedom, bygg og anlegg. I 2022 vil vi implementere dette som ein del av alle konseptvalutgreiingar.

Å ta vare på Forsvaret sine skyte- og øvingsmoglegheiter på land og i sjø har mykje å seie for den operative evna. I 2021 har Forsvarsbygg bidrege med rådgjeving for å formalisere skytefelt i sjøområda og avklare rammevilkår for skyte- og øvingsfelt på land.

Forsvarsbygg har også levert strategisk rådgjeving til forsvarssektoren og andre offentlege etatar innanfor fagområda kulturminneforvaltning, miljø og berekraft, HMS og vern og sikring av bygg.

Resultatkraav

| Styringsparameter R4.1

Berekraftig rådgjeving

Styringsparameteren er ny for 2021, og vi har ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å vurdere måloppnåinga for 2021. Forsvarsbygg har etablert metodikk for standardiserte LCA-vurderingar i konseptutgreiingar. Ambisjonen er å implementere dette som del av alle utgreiingar 2022.

| Styringsparameter R4.2


Strategisk rådgjeving

Etter avtale med Forsvarsdepartementet er brukarundersøkinga utsett til 2022. Gjennom gode tilbakemeldingar på rådgjevingsoppdraga våre, legg vi til grunn at råda har gjeve avgjerdsgrunnlag og meirverdi for oppdragsgjeverane våre. Brukarundersøkinga og oppdrags -og leveranse målingar vil vere viktige verktøy for å verifisere dette resultatmålet.



Frå bygg og konstruksjonsarbeidet ved utbygginga på Evenes flystasjon.

FOTO: FORSVARET



Rapport for ressursbruk

Forsvarsbygg sine totale driftsinntekter var 6,70 milliardar kroner i 2021. I tillegg har vi nytta løyvingar på 3,96 millionar kroner til finansiering av investeringa på eigedom, bygg og anlegg. Dette gjev ei total finansiering av årets ressursbruk på 10,66 milliardar kroner, ein auke på 0,89 millionar kroner samanlikna med 2020. Auken kjem i hovudsak av sals- og leigeinntekter som har auka med 1 milliard kroner frå 2020, auka omsetning på brukarstyrt prosjekt mot Forsvaret og auka omsetning på forsyning.

Kostnader

Dei totale kostnadene for 2021 var 10,65 milliardar kroner¹. Av dette er det gjennomført investeringar i eigedom, bygg og anlegg for totalt 3,96 millionar kroner, som er balanseført. Dei totale driftskostnadene for 2021 var 6,70 millionar kroner. Det er ein auke med 0,56 milliardar kroner frå 2020. Årsaka til auken er 11,8 prosent auke i vare- og tenestekjøp, 4,0 prosent auke i andre driftskostnader, 3,3 prosent auke i avskrivingar og 1,9 prosent auke i lønskostnader.

Totale kostnader per innsatsfaktor

Vare- og tenestekjøp utgjer 71,8 prosent av dei totale kostnadene i 2021, dersom vi inkluderer gjennomførte investeringar i eigedom, bygg og anlegg. Dette er ein auke på 1,7 prosentpoeng samanlikna med 2020. Hovudårsaka til auken er auka energi-kostnader. Andelen samla lønskostnader utgjer 12,2 prosent. Dette er ein reduksjon på 0,9 prosent-poeng, og kjem av eit lågare tal årsverk enn i 2020. Avskrivingar på varige driftsmiddel utgjer 12,5 prosent, noko som er ein reduksjon på 0,7 prosentpoeng i forhold til fjoråret. Andre driftskostnader utgjer 3,5 prosent av totalkostnaden, ein nedgang på 0,2 prosentpoeng.

Ser vi bort frå av- og nedskrivingar relatert til investeringar i eigedom, bygg og anlegg, utgjer totale kostnader 9,33 milliardar kroner. Fordelt på innsatsfaktorane utgjorde vare- og tenestekjøp 81,9 prosent av dei totale kostnadene. Dette er ein auke på 1,2 prosentpoeng sett opp mot 2020. Løn utgjer totalt 13,9 prosent, ein reduksjon på 1,1 prosentpoeng, mens andre driftskostnader utgjer 4,0 prosent, ein auke på 0,2 prosentpoeng.

Totalt vare- og tenestekjøp fordelt på kontonivå

Det er i 2021 utgiftsført kostnader for vare- og tenestekjøp for totalt 8,01 millionar. Av dette er 3,96 milliardar kroner balanseført. Vidare klassifisering av varekjøp viser at 83,9 prosent av varekjøpa er knytt til kjøp av tenester, 9,6 prosent til gjennomstrøymingskostnader og 6,5 prosent til direkte kostnader på drift. Av desse 6,5 prosenta utgjer innleige 58 prosent. Alle vare- og tenestekjøp blir bokførte direkte på prosjekta i dei ulike produktområda.

Totale kostnader per produktområde²

Totalt er det kome på kostnader på 4,09 milliardar kroner til løyvingsfinansierte produktområde i 2021. Det utgjer 38,4 prosent av dei totale kostnadene, ein reduksjon på 6,2 prosentpoeng frå 2020. Reduksjonen skriv seg frå reduserte løyvingar til investeringsporteføljen. Oppdragsfinansierte kostnader på 0,74 milliardar kroner utgjer 6,9 prosent av dei totale kostnadene, og har auka med 2,6 prosentpoeng samanlikna med fjoråret. Årsaka er auka oppdragsmengd til NATO-prosjekt.

Kostnader knytte til husleigeavtalane for 2021 er på 3,11 milliardar kroner og utgjer 29,2 prosent av dei totale kostnadene. Dette er tilnærma likt som fjoråret. Forsyningskostnadene på 1,04 milliardar kroner består i hovudsak av gjennomstrøymingskostnader og utgjer 9,8 prosent av dei totale kostnadene. Auken på 2,3 prosentpoeng frå 2020 kjem av auka energikostnader. I 2021 har Forsvarsbygg brukt 1,50 millionar til brukarstyrkt utvikling og tilleggstenester i eigedomsdrifta. Dette utgjer 14,1 prosent av dei totale kostnadene og er ein auke frå 2020 på 1,2 prosentpoeng. Årsaka til auken er normal variasjon i behov frå Forsvaret. Kostnader forbundne med bustad og kvarter er på 0,12 milliardar kroner og utgjer 1,3 prosent av dei totale kostnadene. Dette er tilnærma uendra frå 2020.

1 Totale kostnader inkluderer aktiverte kostnader knytte til immaterielle eigedeler og varige driftsmiddel, og i tillegg avskrivingar.

2 Alle produktområda er knytte til eigne avtalar, og kan ha ulike finansieringskjelder i statsrekneskapen.

Bemanningssituasjonen i verksemda

Årsverksutvikling

Ved utgangen av 2021 var det totalt 1446 tilsette og 1395 årsverk i Forsvarsbygg. Dette er ein nedgang på 3,6 prosent i talet på tilsette, som kjem av stram bemanningsstyring og høgare turnover. Av dei fast tilsette er 98,9 prosent tilsette sivilt, og 1,1 prosent er militære. Denne fordelinga har vore stabil i fleire år. Av den totale arbeidsstokken er 5,1 prosent tilsett i mellombelse stillingar. Dette er ein nedgang på 0,4 prosentpoeng frå 2020. Forsvarsbygg ligg godt innanfor landsgjennomsnittet, som i 2021 er 9,4 prosent i alle næringar. Deltidstilsette utgjorde tre prosent av arbeidstyrken i 2021. Dette er ein auke på 0,1 prosentpoeng frå 2020, men likevel langt under landsgjennomsnittet. Vi har ikkje informasjon som tilseier at deltida er ufrivillig. Vi ser at hovudårsaka til mellombels deltidsarbeid er foreldrepermisjon, mellombels uføre og delvis AFP. Andelen tilsette i ordinære deltsstillinger utgjer 0,4 prosent.

Samla turnover i 2021 var 9,6 prosent, ein auke på 2,1 prosent frå 2020. Turnover som kjem av eiga oppseiing er 7,2 prosent, som er ein auke på 2,5 prosent frå 2020.

Auken i turnover ser ut til å ha samanheng med auken i talet på utlyste stillingar i arbeidsmarknaden samanlikna med 2020.


Sjukefråvær

Sjukefråværet i Forsvarsbygg var i 2021 på 4,7 prosent, ein liten oppgang på 0,3 prosentpoeng frå 2020. Av dei 4,7 prosenta er 2,9 prosent langtidsfråvær og 1,81 prosent korttidsfråvær.


Ingen av avdelingane i Forsvarsbygg har eit sjukefråvær over 5,0 prosent, som er vårt interne mål for sjukefråvær. Vi har likevel sett ein jamn auke av sjukefråværet utover året. Korttidsfråværet auka meir utover hausten 2021, noko vi går ut frå skriv seg frå korona, sesong-forkjøling og influensa.

Vi har jobba systematisk over tid med å utvikle gode sjukefråværs-rutinar, og med opplæring av leiarar i vanskelege sjukefråværssaker og tiltak for inkluderande arbeidsliv. Forsvarsbygg sitt skreddarsyddde HMS-kurs og leiaropplæringsprogram har også vore viktige faktorar i arbeidet. Høgt arbeidspress og ekstrabelastning som følgje av tiltaka rundt koronapandemien, er identifisert som risikofaktorar i 2021 på same måte som i 2020.

Talet på tilsette og årsverk



Totale driftskostnader i perioden 2018–2021




Totale driftskostnader per innsatsfaktor




- Vare- og tenestekjøp (72 %)
- Lønskostnader (12 %)
- Av- og nedskrivningar på varige driftsmiddel og immaterielle eidegar (13 %)
- Andre driftskostnader (3 %)

Totale varekjøp fordelt på kontonivå




- Energikostnader (10 %)
- Direkte kostnader drift (6 %)
- Kjøp av tenester (84 %)

Totale kostnader per produktområde



KAPITTEL 4

Styring og kontroll



Styringa og kontrollen i Forsvarsbygg er tilpassa eigenarten, risikoen og vesentlegheita til verksemda.

Vi gjennomfører aktivitetar i tråd med Forsvarsdepartementet sine mål og prioriteringar, og med effektiv ressursbruk.

Ein kultur for kontinuerleg forbetring skal sikre effektive prosessar med høg kvalitet.

Innleiing

Forsvarsbygg har god styring og kontroll på verksemda. Forsvarleg forvaltning og kontinuerleg forbetring utgjer rammene for kulturygging, organisering, effektivisering og styring av verksemda. Hovudstrukturen i verksemssstyringa vår ligg fast, og er tilpassa verksemda i eitt- og fleirårig perspektiv. Vi har ein velfungerande økonomimodell, som saman med mål-, resultat- og risikostyring, er navet i den overordna styringa vår.

Overordna vurdering av styring og kontroll

Internrevisjonen vurderer at den overordna modnaden i Forsvarsbygg på styring og kontroll er formalisert, med element av etterleving. Denne vurderinga er uendra frå 2019. Internrevisjonen skriv at Forsvarsbygg har gjort ei rekke vesentlege forbetringar i 2021, særskilt innanfor risikostyring og internkontroll.

Kvaliteten og strukturen på risikostyringa er forbetra i 2021. Risikostyringa er ytterlegare integrert i verksemssstyringa, slik at vi oppnår ei meir heilsakleg oppfølging.

Forsvarsbygg skal vere ei prosessdriven verksemd, og stadig fleire av arbeidsprosessane våre blir definerte og forbetra gjennom bruk av lean-baserte verktøy. I 2021 har vi styrkt rolla som prosesseigar for å sikre lik forståing av roller, ansvar og mynde. Vi har også fått på plass sentrale strukturar for eit målretta digitaliseringsarbeid. Det operative planverket for Forsvarsbygg er utvikla gjennom året. Dette gjev etaten eit godt styringsverktøy som vil utnyttast i vidareutviklinga mot eit beredskapsklart Forsvarsbygg.

Trass i enkelte hendingar av alvorleg art i 2021, opplever Forsvarsbygg at etablerte styring- og internkontrollprosessar er gode, sjølv om etterlevinga i desse hendingane har svikta. For å auke modnaden i styring og kontroll, vil Forsvarsbygg i 2022 sikre etterleving av implementerte forbetringar frå 2021. Dette skal vi gjere ved tett å følgje opp at forbetringane gjev ønskt effekt.

Mål- og resultatstyring

Forsvarsbygg sitt målbilete for langtidsperioden 2021–2024 viser korleis resultata våre står opp om effektmåla for forsvarssektoren. Målbiletet legg vekt

på berekraft i konkrete leveransar og rådgjeving i større grad enn tidlegare, og vi har fokus på måloppnåing og effekt i eittårsperspektiv og for langtidsperioden. For å forsterke mål- og resultatstyringa, har Forsvarsbygg i 2021 integrert etaten sin prosess, styringssett og verktøy for verksemssstyring og risikostyring. Styringsmål, styringsparameter, strategiske tiltak, oppdrag og strategisk risiko er samla i informasjonssystemet til leiinga, for å stø opp om heilsakleg risikobasert verksemssstyring og rapportering. Risikobaserte strategiske tiltak, som står opp under det overordna målbiletet, er identifisert og implementert gjennom året. I mål- og resultatstyringa analyserer vi årsak og verknad og følgjer tett opp risiko gjennom risikoreduserande tiltak. Dette har bidrige til betre måloppnåing i løpet av året.

Risikostyring og intern kontroll

Systematiske og regelmessige vurderinger av risiko er ein integrert del av styrings- og rapporteringsprosessane i Forsvarsbygg. Gjennom tidleg iverksetjing av risikoreduserande tiltak, blir kritisk risiko følgd aktivt opp, og bidreg til at vedtekne strategiar blir gjennomførte og fastsette mål og resultat oppnådde.

Forsvarsbygg har i 2021 etablert og operasjonalisert ein heilsakleg risikobasert internrevisjon- og kontrollplan for verksemda, inkludert metode for systematisk oppfølging og rapportering. Vidare har vi utarbeidd og implementert ein einskapleg metode med verktøy for oppfølging av internrevisjonar og modnadsvurderingar. Dei iverksette tiltaka er delelement i vidare-utvikla rammeverk for internkontroll, som skal leggje til rette for ei auka integrering av kontrollmiljø, risikostyring og etterleving.

Prosess, forum og rapporteringsnivå for risikostyring sikrar at ansvarsområdet for heile etaten blir risikovurdert, analysert og handtert. I 2021 er risikostyring i leiinga sitt informasjonssystem ytterlegare tilpassa og implementert på tvers av seksjonar og regionar, i tillegg til at løysinga står månadlege økonomiske risikovurderingar. Forsvarsbygg sin strategiske ambisjon har vorte risikovurdert i 2021, og det er gjennomført årleg oppfølging av risiko for misleg framferd. Forsvarsbygg internrevisjon har i sitt arbeid i 2021 ikkje identifisert uakzeptabel risiko som ikkje har vorte handtert av Forsvarsbygg.

Riksrevisjonen

Forsvarsbygg fekk revisjonsbrev utan merknader frå Riksrevisjonen for rekneskapsåret 2020. Vi har dei seks siste åra levert rekneskap utan vesentlege feil og manglar.

Kultur og integritetsbygging

Forsvarsbygg legg kjerneverdiane sine tillit, ansvar, innsikt og integritet til grunn for all verksemeld. Vi har eit høgt medvit om verdiane, og alle tilsette skal bruke verdiane som rettleiing til å ta gode val, i møte med kvarandre og omgjevnadene rundt oss. Integritet står sentralt i arbeidet vårt med å byggje ei felles etisk og haldningsmessig plattform. Viktige område og aktivitetar knytte til integritetsbygging inkluderer:

- Samfunnsansvaret er ein del av visjonen vår, og legg dermed føringar for dei strategiske satsingsområda våre og styringa av verksemda.
- Førebygging og avdekking av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet.
- Likestilling, diskriminering og mangfold i Forsvarsbygg.
- Bruke Forsvarsbygg sine leiari- og medarbeidar-prinsipp i medarbeidarsamtalar.
- Jobbe systematisk med kulturygging gjennom eigenopplæring og utviklingsprogram for leiatarar og medarbeidrarar.

I enkelte varslingssaker er det indikasjonar på at verdiane våre ikkje er godt nok forankra i organisasjonen. Desse sakene tek vi på alvor. Vi er tilfredse med at det har vore ein nedgang i talet på kontaktar til varslingskanalen i 2021 og at talet er lågt i forhold til storleiken på verksemda. For ytterlegare å forsterke fokus på varsling og etterleving av det nye regel-verket for varsling i forsvarssektoren frå 2020, vil intern prosedyre for varsling i Forsvarsbygg oppdaterast og kommuniserast på tvers av verksemda i 2022.

Porteføljestyring

Forsvarsbygg ser framskaffing, verdibearring, drift og avhending i samanheng ved utvikling av eigedomsporteføljen. Det er berre ved ei heilskapleg tilnærming det er mogleg å finne gode løysingar som varetek Forsvaret sine behov og som bidreg til å effektivisere eigedomsporteføljen og optimalisere framtidig drift. Forbetra samhandling i den strategiske portefølje-styringa vil ha ein positiv effekt på

leveransane frå Forsvarsbygg. Forsvarsbygg prioriterer derfor samhandling innanfor forsvarssektoren, totalforsvaret, eigedoms-bransjen og marknaden elles.

Forsvarsbygg har i 2021 vidareført ei tett og god samhandling med Forsvarsdepartementet, Forsvaret og andre etatar. Dette bidreg til koordinert strukturutvikling, der ein sere personellutvikling, informasjons- og kommunikasjonsteknologi, materiell og eigedom, bygg og anlegg i samanheng.

For å forbetre den strategiske porteføljestyringa internt i Forsvarsbygg, har vi etablert eit strategisk porteføljeforum som koordinerer, spreier kunnskap og metode om porteføljestyring, og syter for at riktig informasjon blir delt på tvers i verksemda. Vi har etablert eit årshjul for planprosessane og felles innsynsportal for produksjonsplanar, og på den måten forbetra den interne samhandlinga og den eigedomsfaglege rådgjevinga i forsvarssektoren. Forsvarsbygg har i 2021 halde fram arbeidet med å digitalisere eigedomsinformasjon, medrekna digitalisering av kapasitetar, infrastruktur og bygningsinformasjonsmodellar. Digital informasjon om eigedom, bygg og anlegg gjev både god og tilgjengeleg oversikt over eksisterande bygningsmasse og betre kvalitet i registrerte data.

Digitalisering

Dei digitale prioriteringane som vart fastsette i verksemds- og digitaliseringssstrategien for 2020, er i løpet av 2021 vidareutvikla og innlemma i den strategiske planen til Forsvarsbygg.

Forsvarsbygg har i 2021 implementert eit portefølje-kontor og forbetningsstyre som skal bidra til å forankre, koordinere og profesjonalisere gjennomføringa av forbetningsprosjekt. I tillegg har vi nyleg etablert eit digitaliseringsråd, som skal sikre ei systematisk tilnærming for implementering av Forsvarsbygg sitt digitale vegkart. Som ein del av arbeidet med å auke gjennomføringsevna, vart det i 2021 utvikla ein ny prosjektmetodikk for interne utviklingsprosjekt som bygger på smidig metodikk. Denne metodikken passar godt inn i resten av forbetningsarbeidet vårt basert på lean og flyt i prosessar.

Tryggleik og beredskap

I 2021 har vi evaluert og ytterlegare justert tryggleiks-organisasjonen for å stø opp om Forsvaret og

for å halde ved lag eit forsvarlig tryggleiksnivå for dei skjermingsverdige verdiene Forsvarsbygg forvaltar på vegner av samfunnet. I tillegg har leiinga i Forsvarsbygg gjennomført ei nyutvikla kurspakke innan tryggleik for leiarar i forsvarssektoren. Forsvarsbygg har videreutvikla det operative planverket sitt i 2021. Dette for ytterlegare å stø opp om Forsvaret i fred, krisje og krig.

Personvern og informasjons-tryggleik

Omsynet til personvern er også inkludert i prinsippa våre for informasjonsdeling. Personvernombodet i Forsvarsbygg opplever eit jamt tilfang av saker der verksemda ønskjer avklart spørsmål knytte til personvern og set dette i samanheng med eit aukande fokus på personvern og etterleving av personvernreglar på tvers av verksemda. Vi held fram med å følgje opp og tilpasse implementeringa av GDPR i 2022. Forsvarsbygg har i 2021 styrkt samarbeidet med nasjonale miljø for førebygging, detektering og handtering av cybertryggleikshendingar. Vidare har Forsvarsbygg styrkt tryggleiksorganisasjonen med nødvendig kompetanse slik at tryggleik og tillit blir bygd inn i valde digitale samhandlingsløysingar.

Inkludering i arbeidslivet

Forsvarsbygg har i 2021 gjennomført fleire tiltak for å styrke arbeidet med inkludering i verksemda. Vi har utarbeid ein handlingsplan som dannar grunnlaget for inkluderingsarbeidet vårt. Vi tek også del i traineeprogrammet i staten, slik at vi får tilgang til all kompetanse som finst i samfunnet samtidig som vi bidreg til å inkludere personar med nedsett funksjonsevne og hol i CV-en i arbeidsmarknaden.

I 2021 byrja våre to første trainear. Forsvarsbygg hadde som mål å rekruttere ytterlegare fem trainear i løpet av året. Ein trainee er tilsett, og vil byrje første tertial 2022. To rekrutteringsprosessar vart avslutta utan resultat fordi det ikkje var kvalifiserte kandidatar. Dei to resterande søknadsprosessane er utsette til 2022.

Talet på nytilsetjingar i 2021 med nedsett funksjons- evne eller hol i CV-en var to personar i fast stilling og to personar i mellombelse stillingar. Dette utgjer 3,1 prosent av dei nytilsette i 2021 samanlikna med 2,2 prosent i 2020. Det er under målsetnaden på 5 prosent. Erfaringa vår er at det er kvalifikasjonskravet som gjer

det krevjande å rekruttere personar frå målgruppa til faste stillingar.

Vi rapporterer kvar veke på kor mange med nedsett funksjonsevne eller hol i CV som blir kalla inn til intervju, og har i løpet av året hatt eit tettare samarbeid med NAV i samband med rekruttering. Forsvarsbygg har positive erfaringar med medarbeidarane som har vorte rekrutterte frå målgruppa, som vi vil ta med oss i det vidare inkluderingsarbeidet.


Innsats mot arbeidslivskriminalitet

Førebygging og avdekking av sosial dumping og arbeidslivskriminalitet er eitt av satsingsområda i Forsvarsbygg sin anskaffingsstrategi for 2019–2023. Vi har seriøsitetskrav i kontraktane våre, som er basert på dei tilrådde krava frå Direktoratet for forvaltning og økonomistyring, Fellesforbundet, Byggenærings landsforening og Kommunesektorens interesse- og arbeidsgiverorganisasjon i Noreg. Det blir blant anna stilt krav til løns- og arbeidsvilkår for tilsette, tilsette hos underentreprenørar og innleigde, maksimalt to ledd underentreprenørar, bruk av fast tilsette, faglærte handverkarar og lærlingar, medlemskap i StartBANK, innlevering av skattefullmakt, og rapportering til Brukerdialog Utland for heile kontraktkjeda der det er relevant. Entreprenøren og leverandøren er forplikta til å dokumentere at krava er innfridde, og skal kunne leggje fram dokumentasjonen på føres-purnad. Dette gjev Forsvarsbygg høve til å kontrollere etterleving av regelverket for å sikre seriøsitet i byggje- og anleggsarbeid, medrekna at løn til den enkelte arbeidstakar er i samsvar med ålmenn gjorte satsar, at arbeidstidsordningar er forsvarlege, at skattar og avgifter er betalte inn og at det blir brukt kvalifiserte arbeidstakarar med relevant opplæring. Forsvarsbygg har i fleire år samarbeidd med Skatteetaten om forsterka innsats mot arbeidsmarknadskriminalitet. Føremålet er å styrke kunnskapen om skatte- og avgiftskriminalitet, utveksle opplysningsar mellom etatane og gjennomføre kontroll av Forsvarsbygg sine leverandørkjeder. I 2021 vart det gjennomført ikkje-varsla kontrollar på tre lokasjonar som avdekte konkrete avvik og forbettingsområde som blir følgde opp av Forsvarsbygg.

I tillegg til kontrollane som har vorte utførte i samarbeid med Skatteetaten, er det gjennomført både rutinemessig kontrollverksemd og utvida undersø-

kingar av tips frå eksterne. For å fremje seriøsitet i Forsvarsbygg sine leverandørkjeder, blir det gjort rutinemessige vurderingar av utvida skatteattestar og kontrollar av løns- og arbeidsvilkår der risikoen for arbeidslivskriminalitet blir vurdert å vere høg. I 2021 har Forsvarsbygg drive inn om lag 6,4 millionar kroner gjennom å hindre tilgang til byggjeplass før dokumentasjon på innbetalte skatte- og avgiftsrestansar ligg føre. Det er elles gjennomført kontrollar på byggjeplass av at arbeidstakarane ber synleg HMS-kort, at dei er registrerte inn på byggjeplass og at korrekte opplysningar om dei kjem fram i oversiktslister. Forsvarsbygg har også arbeidd med å forbetre rutinane for inntakskontroll av entreprenørar i byggje- og anleggsprosjekt, der føremålet er oppfølging av lovpålagde krav som i hovudsak blir stilte i arbeidsmiljølova, anskaffingslova og utlendingslova.

I 2021 vart Forsvarsbygg støttemedlem i Fair Play Bygg, ein ideell organisasjon som jobbar for ein seriøs bygg- og anleggssbransje. Forsvarsbygg deltek også i eit samarbeidsforum saman med andre offentlege byggherreorganisasjonar, der vi deler erfaring og kompetanse.



KAPITTEL 5

Framtidsutsikter

Den langsiktige måloppnåing i forsvarssektoren føreset at Forsvarsbygg utviklar berekraftige og kosteffektive leveransar som stør opp om behova forsvarssektoren har.

RESULTATMÅL R1

EIT BEREDSKAPSKLART FORSVARSBYGG

Funksjonelle eigedomar, bygg og anlegg er ein av premissane for den operative evna og beredskapen til Forsvaret. Forsvarsbygg skal heile tida vere beredskapsklart i tråd med krava i forsvarssektoren sine instruksar og retningslinjer. I langtidsperioden 2021–2024 vil vi halde fram den vidare utviklinga av eige operativt planverk gjennom blant anna øvingar med dei andre aktørane i forsvarssektoren. Dette gjeld særleg øvingane Cold Response 2022 og Polaris Gram 2022, som vil vere læringsarenaer for planlegging av øvingar i åra som kjem.

Forsvarsbygg skal også styrke beredskapskompetansen og beredskapskulturen i organisasjonen og syt for at prioritert eigedom, bygg og anlegg har ein tilstandsrom stor opp om beredskapsevna. Avtalar med Forsvaret, samarbeid med sivile aktørar og sivile kapasitetar skal styrkast for å stø opp om beredskaps- og totalforsvarsevna.

RESULTATMÅL R2

FRAMSKAFFING AV BEREKRAFTIG EIGEDOM, BYGG OG ANLEGG

Framskaffing av berekraftig eigedom, bygg og anlegg skal stø opp om vidareutviklinga av basestrukturen for Forsvaret sine kapasitetar. For Luftforsvaret er framskoten base for kampfly etablert på Evenes, men det vil framleis gå føre seg eit arbeid for å fullføre komplette og permanente fasilitetar for nye maritime patruljefly. I tillegg vil vi jobbe med å fornye og vidareutvikle eksisterande kapasitetar på Ørland. Dei største framskaffingane vil vere knytte til hovudbase for maritime patruljefly på Evenes og til etablering av nye sensorar for luftovervakning. For Sjøforsvaret skal vi vidareutvikle Haakonsvern orlogsstasjon for ubåtvåpenet, og vidareutvikle Ramsund orlogsstasjon som Sjøforsvaret sin base i nord. Framskaffing av eigedom, bygg og anlegg til Finnmark landforsvar og vidareutviklinga av basestrukturen i indre Troms, vil vere hovudinnsatsen overfor Hæren i langtidsperioden.

Forsvarssektoren arbeider med å konkretisere og kvalitetssikre tiltaka som skal bidra til realisering av vedteken strukturutvikling. Sentrale investeringar i nye strukturutviklingstiltak ligg framleis i idé- og konseptfasen. Forsvarsbygg vil prioritere arbeidet med konseptval for framskaffing av eigedom, bygg og anlegg og forprosjekt for nye investeringsprosjekt.

Bygg- og anleggsnæringa har eit vesentleg klima-avtrykk. Som ein stor bestillar må Forsvarsbygg bidra til at framskaffing av eigedom, bygg og anlegg skjer på ein berekraftig måte. Forsvarsbygg skal arbeide for å auke fleksibiliteten og mobiliteten til bygga slik at levetida blir forlenga. Vi skal etterspørje innovasjon, påskjøne gode miljøløysingar i anskaffingane våre og tilby oppdragsgjever og prosjekteigar ei vurdering av klimaavtrykk før val av konsept.

Forsvarsbygg skal bidra til å hente ut vinstar i utgreiing, avgjerdsløp og gjennomføring av prosjekt for framskaffing og fornying av eigedom, bygg og anlegg, som ein del av forsvarssektoren sitt program for modernisering og effektivisering. Vi skal oppnå vinstane gjennom innføring av ein prosjekt-modell som blir tilpassa ulike kategoriar av investeringsprosjekt, gjenbruk og standardisering, flyt i prosjekt-gjennomføring og digitalisering.

RESULTATMÅL R3

GOD FORVALTNING AV EIGEDOMAR, BYGG OG ANLEGG SOM TILHØYRER FORSVARSSEKTOREN

Forsvarsbygg skal sikre at eigedomsporteføljen i forsvarssektoren er berekraftig og kostnadseffektiv. Dette skal vi gjere gjennom langsiktig verdibeverande forvaltning av eigedomsporteføljen, der vi skal vareta bruksverdi, økonomisk verdi og verneverdi.

Det overordna målet med forvaltninga er at all ressursbruk skal skape funksjonell eigedom, bygg og anlegg som tilfredsstiller forsvarssektoren sitt behov og sikrar best mogleg totaløkonomi. Utfordringa er å møte behova med ein sektor i stadig utvikling og ein aldrande eigedomsportefølje. Dette stiller høge krav til oss. Forsvarsbygg må forstå Forsvaret sine behov, auke innovasjonstaka og halde fram arbeidet med digitalisering for å bli ein meir proaktiv og effektiv forvaltar.

Forsvarssektoren står overfor store krav til vinstrealisering i tida framover der eigedom, bygg og anlegg er eit viktig vinstområde. Forsvarsbygg vil som ein del av dette optimalisere bustad- og kvarterporteføljen. I tillegg vil Forsvarsbygg i større grad knyte ingeniørkompetansen til anskaffingsprosessane, for å bidra til auka konkurransen i marknaden og oppnå best mogleg avtalar. Vi skal også bidra til at Forsvaret utrangerer overflødig eigedom, bygg og anlegg, slik at driftskostnader går ned og inntektene i forsvars-sektoren kan aukast gjennom sal.

RESULTATMÅL R4

PROFESJONELL OG HEILSKAPLEG RÅDGJEVING

Profesjonell og heilskapleg rådgjeving skal bidra til å betre leveransar innanfor dei andre resultatmåla for Forsvarsbygg. Rådgjevinga skal stø Forsvardsdepartementet, Forsvaret og sektoren elles, for å sikre at brukarbehov blir tilfredsstilt innanfor best mogleg totaløkonomi.

Forsvarsbygg skal vere ein proaktiv rådgjevar som sikrar målretta, kostnadseffektiv og berekraftig ressursutnytting. Miljø og andre samfunnsmessige konsekvensar av verksemda til Forsvaret innanfor eigedom, bygg og anlegg skal varetakast. Forsvarsbygg skal sikre eit forsvarleg tryggleiksnivå i leveransane våre til forsvarssektoren for å vareta Forsvaret sine verdiar og den operative evna.

Forsvarsbygg skal stø departementet og Forsvaret med rådgjeving og utgreningar i langtids- og gjennomføringsplanlegginga i forsvarssektoren. Råda våre skal vere baserte på god innsikt om forsvarssektoren, eigedomsbransjen, og rolla vår som samfunnsaktør. Rådgjevinga skal vere heilskapleg og sjå framskaffing, verdibeveraring, drift og utrangering og avhending i samanheng. Det er berre ved ei heilskapleg tilnærming det er mogleg å finne gode løysingar som varetek Forsvaret sine behov og som bidreg til å effektivisere eigedomsporteføljen og optimalisere framtidig drift.

Kvaliteten i rådgjevinga skal styrkjast ved at interne spesialistmiljø, som miljøseksjonen, anskaffingar og nasjonalt kompetansesenter for sikring av bygg, er med tidleg i prosessane der handlingsrommet for gode løysingar er størst. I tillegg skal dialogen med leverandørmarknaden styrkjast for å utnytte kompetanse og innovative løysingar frå eksterne miljø. Effekten for forsvarssektoren vil bli berekraftige løysingar med riktig kvalitet, som varetek krav innanfor tryggleik og miljø, og i tillegg god totaløkonomi for sektoren.

Evaluering av Forsvarsbygg sin rådgjevingsfunksjon blir gjennomført som ei årleg brukarundersøking, oppdragsevaluering knytt til strategiske rådgjevingsleveransar og eigenevaluering. Tilbakemeldinga vil vere eit viktig grunnlag for vidare utvikling, både av leveransane våre og meir spesifikke rådgjevingsoppdrag.



KAPITTEL 6

Årsrekneskap

Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverk: Kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen, og periodisert verksemdsrekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Leiingskommentar til årsrekneskapen

Føremål

Forsvarsbygg vart oppretta i 2002 og ligg under Forsvarsdepartementet. Samfunnsoppdraget til Forsvarsbygg er planlegging, anskaffing, drift og avhending av forsvarssektoren sine eigedomar, bygg og anlegg (EBA) med føremål om å stø opp om målsetnaden om å etablere eit forsvar for tida vi lever i. I tillegg forvaltar Forsvarsbygg militære festningar med føremål om å skape nytt liv på historisk grunn. Årsrekneskapen utgjer del 6 i årsrapporten til Forsvarsbygg.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avglat i samsvar med vilkår om økonomistyring i staten med tilhøyrande rundskriv frå Finansdepartementet (R-115) og krav frå Forsvarsdepartementet i instruks om økonomistyring.

Forsvarsbygg avlegg rekneskap etter to finansielle rammeverk, det vil seie kontantrekneskap etter vilkåra i statsrekneskapen og periodisert verksemdsrekneskap i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS).

Rekneskapen gjev eit dekkjande bilet av Forsvarsbygg sine disponible løyingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, eigedelar og gjeld.

Resultat etter SRS

Etter innføring av SRS 10 vil resultatet av aktivitetane i perioden alltid vere null, ettersom netto resultat av Forsvarsbygg sine transaksjonsbaserte inntekter reduserer den årlege inntektsføringa av løying. Årsresultatet av transaksjonsbaserte inntekter, hovudsakleg avhending av fast eigedom og resultat frå eigedomsdrifta, utgjorde 211 millionar kroner og er fråtrekt årets inntektsføring av løying.

Vurdering av løyvingsrekneskapen

Dei samla løyvingane til Forsvarsbygg til drift og investeringar i 2021 var 9,579 milliardar kroner. Totalt er 95 prosent av tilgjengeleg ramme brukt i driftsåret og gjev samla sett eit mindreforbruk.

Totalt viser utgiftssida for driftskapittelet ei mindre-utgift på 517 millionar kroner, mens inntektssida viser ei mindreinntekt på 169 millionar kroner. Dette gje ei netto mindreutgift på 315 millionar kroner som vil bli søkt overført til 2022. Mindreforbruket kan forklaraast ved fleire forhold, men er i hovudsak knytt til utsett framdrift på eitt øremerkt prosjekt.

For investeringskapittelet er det eit totalt mindreforbruk på 25 millionar, noko som er 1 prosent av tildelt ramme. Kapittel 4710 post 47, sal av eigedom, bygg og anlegg viser ei meirinntekt på 7,4 millionar kroner, der inntektskravet var 148 millionar kroner.

Mellomverande

Mellomverande med statskassa utgjorde per 31.12.2021 totalt 36,5 millionar kroner og består i hovudsak av krav knytte til skuldig skattetrekk og offentlege avgifter. Oppstillinga av artskonto-rapporteringa viser kva slags eigedels- og gjelds-postar mellomverande består av.

Tilleggsopplysninger

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar rekneskapen for Forsvarsbygg. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per dags dato, men revisjonsmeldinga er venta å føreliggje i løpet av 2. kvartal 2022. Meldinga blir publisert på www.forsvarsbygg.no når dokumentet er offentleg.

Oslo, 07.02.2022



Svein Thorbjørn Thoresen,
direktør Forsvarsbygg

Prinsippnote til årsrekneskapen – for oppstilling av løyvingsrapportering og artskontorrapportering

Årsrekneskap for statlege verksemder er utarbeidd og avgjort etter nærmere retningslinjer fastsette i vilkåra om økonomistyring i staten («bestemmelserne»). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i vilkårspunkt 3.4.1, nærmere vilkår i rundskriv R-115 frå Finansdepartementet av november 2019 og eventuelle tilleggskrav fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i vilkåra i punkt 3.4.2.

Grunnleggjande prinsipp for årsrekneskapen:

- a. Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b. Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c. Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.
- d. Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapportering er utarbeidde etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarer med krav i vilkåra punkt 3.5 til korleis verksemndene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Verksemda er knytt til staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i vilkåra pkt. 3.7.1. Bruttobudsjettet til verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved slutten på året nullstiller ein saldoen på den einskilde oppgjerskontoen ved overgang til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løyvingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til

statsrekneskapen. Det blir stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingsrekneskapen verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eidegar og plikter verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen til staten.

Mottekne fullmakter til å belaste kapittel/post hos ei anna verksemrd (belastningsfullmakter) viser ikkje i kolonnen for samla tildeling, men er omtalt i note B til løyvingsoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og viser i kolonnen for rekneskap.

Gjevne belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla tildeling, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen frå verksemda sjølv. Gjevne belastningsfullmakter blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått belastningsfullmakta og viser derfor ikkje i kolonnen for rekneskap. Dei gjevne fullmaktene kjem fram i note B til løyvingsoppstillinga.

Artkontorrapporteringa

Oppstillinga av artkontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder og ein nedre del som viser eidegar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa.

Artkontorrapporteringa viser rekneskapstal verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje rapporterte som ei inntekt til statsrekneskapen og derfor ikkje viste som inntekt i artkontorrapporteringa.

Oppstilling av løyvingsrapportering

TAL I 1 000 KRONER

| Utgiftskapittel | Kapittelnamn | Post | Posttekst | Note | Samla tildeiling * | Rekneskap 2021 | Meirutgift (-) og mindreutgift |
